

Årsmøte i Vossestrand Sogelag

Sundag , 13.09.20 på Vossestrand Hotel

Til årsmøtet møtte 19 personar.

Leiar Jorunn Gjøstein ynskte alle velkomne til dette 20 års jubileumet.

Vossestrand Sogelag vert stifta 13.09.2000.

Før sjølve årsmøte hadde Trygve Djugstad ei svært interessant utgreiing herunder filmframvising frå utviklinga av skiturisme på Stronde, heilt frå slutten av 1800 –tallet.

Det vart vist div bilete herunder frå avisene og som nemnt film frå Stalheim herunder skitrekket som var det fyrste i landet.

Som det gjekk fram av dei opplysningane han hadde, var det på Stronde skiturismen starta fyrst og ikkje på Voss.

Kolbein Ure hadde ei interessant orientering om støsliv i eldre tid.

Dertil orientering om prosessen som førde til at vegen gjennom Opheimsdalen vart bygd. Dette var ein utrulig omstendeleg prosess.

Ellen Marie Selland Geitung framførde nydelege songar som stort sett var forfatta på Stronde. Me kan vera glad for at vi har ein slik utmerka songar på Stronde.

Sturla Hommedal viste kvorleides ein kan bruka nettet for å føre fleire stadnamn inn i stadnamnsprosjektet. Om ein har problem med å leggja inn namn på nettet, kan ein ta kontakt med dei som driv stadsnamnprosjektet.

Vossestrand Hotel serverte nydelig bufe som sogelaget spanderte til dei frammøtte.

1 Innkalling

Det var ingen merknad til innkallinga.

2 Saklista

Det var ingen merknad til saklista.

3 Val av møteleiar

Det kom framlegg på Jorunn Gjøstein, som vart vald til møteleiar.

4 Val av skrivar

Det kom framlegg på Sjur Vinje, som vart vald til skrivar.

5 Val av 2 personar til å skriva under på møteprotokollen

Det kom framlegg på Lars Vinje og Ivar Husdal, som vart valde.

6 Årsmelding

Årsmeldinga frå sogelaget vart gjennomgått av Jorunn Gjøstein.

Bjarne Skjervheim gikk gjennom årsmeldinga frå skriftnemnda.

Odd Henrye Hommedal har lagt fram årsmelding frå fotogruppa.

7 Rekneskap

Rekneskapet viser eit lite overskot og vart godkjent.

Økonomien er god.

Rekneskapet er litt misvisande pga at betaling for trykking av "Gamalt frå Stronda" vart betalt i 2019 for 2018 og 2019.

8 Val

Valnemnda v/Frode Vangsnes, Oddvar Drevsjø og Knut K. Mørkved kom med fylgjande framlegg:

Leiar:	Jorunn Gjøstein	1 år - attval
Styremedlemmar:	Kari Mørkve Jordalen	ikkje på val
	Ingrid Jordalen	ikkje på val
	Sjur Vinje	2 år - attval
Kasserar:	Trygve Dugstad	2 år - attval
Varamedlem:	Arne Johan Dregelid	1 år - attval
	Ivar Husdal	1 år - attval
Revisor:	Randi Engelsen Eide	ikkje på val
	Knut Blikkberget	2 år - ny

Ovannemnde vart valde med akklamasjon på årsmøtet.

9 Val av valnemnd

Leiar:	Frode Vangsnes	1 år
	Oddvar Drevsjø	1 år att
	Knut K. Mørkve	2 år

Desse vart valde med akklamasjon på årsmøtet.

10 Fastsetting av kontingenten

Medlemskontingenten på kr 100,- vart uendra for 2020 og dette vart godkjend

Vinje, _____

Lars Vinje

Ivar Husdal